

Øystre Slidre inviterer eldre ut på middag

- Vi tilbyr ei restaurantoppleveling, med lokalprodusert mat for 125 kroner

Gjennom prosjektet “Eldre ut på middag”, eit prosjekt som er tiltenkt kommunens innbyggjarar over 65 år, er Øystre Slidre kommune tildelt midlar av Statsforvalteren. Formålet er å motverke fysiske og psykiske konsekvensar av sosial isolasjon under pandemien og å leggje til rette for at eldre kan få ein hyggeleg og sosial oppleving.

Tilbodet vil bli gjennomført i veke 39 i tilknytning til eldredagen 1. Oktober. Eldredagen er eit populært arrangement innan målgruppa i Øystre Slidre. Vi ser for oss at gjennom påmelding til eldredagen kan også restauranttilbodet verta marknadsført og rekrutteringa auka.



Eldrerådet her ved leiar Solveig Rydland har vore ein aktiv samarbeidspartnar i prosjektet og under gjennomføringa. Dette er eit spanande og svært positivt tiltak seier leiaren.

Restauranten vil vera lokalisert ved nye Øystre Slidre Helsetun. Kommuna tok i bruk nytt helsetun i Januar 2021. Offisiell opning av bygget er 18. September. Målet er at bygget i skal verta eit sosial samlingspunkt i kommuna når pandemien ein gong er over.

Gjennomføring av restaurantbesøk i helsetunet er tenkt som ei fin oppstart for bruk av lokalane som samlingspunkt. Med andre ord, vi ynskjer at tilbodet skal være ein inngangsport til auka samhandling mellom lokalbefolkninga. Vi oppmodar difor alle som blir med til å invitere til samtale og hyggeleg samvær over borda desse dagane. Kanskje treff gjestane på gamle kjente, og får nye bekjentskap. Dette håper vi kan førebygge isolasjon også etter prosjektet. Representantar frå eldrerådet vil bidra særleg for å leggje til rette for å positiv måltidsoppleving.

Øystre Slidre kommune arbeidar aktivt med kvalitetsreforma [Leve hele livet](#)

Eldre ut på middag treffer godt både på områda mat og måltider og aktivitet og fellesskap.

Eit lokalt samarbeidsprosjekt

Eldre ut på middag er eit samarbeidsprosjekt mellom Øystre Slidre kommune, eldrerådet, frivilligsentralen, Valdres vidaregåande skule og lokale matprodusentar.

«Lokalprodusert mat for årstida».

Det vil bli servert 3 retters middag av Restaurantkvalitet. Måltidet vil bestå av lokal mat tilpassa årstid og gje moglegheit for val av forrett, hovudrett og dessert.

Pris 125, - kroner pr person

Elevar ved Valdres vidaregåande skole vil samarbeide tett med kjøkkenet på Helsetunet i forhold til planlegging av meny og servering. Gjennomføringa vil for elevane vera ein del av deira undervisning dette skuleåret

Restauranten er open måndag- fredag i veke 39, 27.09.21-01.10.21.

Det blir bordsettingar kl 14.00 og 16.30.

Bordbestilling til telefonnummer 916 47 047

Transport

Transport vil vera ein del av tilbodet i samarbeid med frivilligsentralen og eldrerådet. Vi håpar at gjestar som sjølv køyrer bil har moglegheit til å tilby sine naboar og kjente skyss til og frå. Frivilligsentralen vil ha ansvar for koordinering av skyss. Har du moglegheit til å ta med deg gjester frå ditt nærområde eller ynskjer å reise på restaurant, men ikkje har transport ber vi deg ta kontakt med frivilligsentralen på telefon 976 05 755.



MENY

FORRETT

KREMA PURRELAUKSUPPE

FISKESUPPE SYMFONI

HOVUDRETT

HJORTESTEIK MED GRØNNSAKER

FÅRIKÅL MED NYBOTET

VINSTERAURE MED AGURKSALAT

DESSERT

MULTEPARFE

LUN EPLEKAKE MED KREM

Smittevernet vert ivaretake

Tilbodet vert fortløpande tilpassa dei reglar som er gjeldande kring smittevern. Vi har som målsetning at alle som ynskjer, skal få ei positiv matoppleving. Talet på bordsettingar og gjestar vert fortløpande vurdert i samråd med kommunelege. Den lokale situasjonen på gjennomføringstidspunkt vil avgjera kor mange gjestar restauranten kan ha til den einskilde bordsetning. Om interessa vert større enn anteke vil vi foreta ei prioritering sett opp mot målgruppa for tilbudet som er personar som over tid ikkje har vore ein del av eit sosialt fellesskap.



Det har det vore viktig å gje ein takk til alle dei som det siste halvanna året lojalt har tilpassa kvardagen og redusert sin sosiale aktivitet i tråd med nasjonale og lokale smitteverntiltak.. Vi håpar at mange vil nytte tilbudet seier kontaktperson for Leve hele livet, Mari Nysveen i Øystre Slidre kommune.